



Det kongelige Kulturdepartement  
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Dale, 18.09.2014

Vår ref: 2014/44 Sak: 22/2014

Arkivkode: 509/0

## Lik og likskap NOU 2014: 2 Høyringsuttale frå Fjaler sokn

Fjaler sokneråd handsama saka på møtet 16. september 2014 og har følgjande høyringsuttale:

### Høyringsuttale frå Fjaler sokneråd (eittsoknskommune) – merkt med blått

Kulturdepartementet ber om høyringsuttale til utreiinga med høyringsfrist 1. oktober 2014. Departementet ber om vårt syn på utvalets framlegg, herunder dei økonomiske og administrative konsekvensane av framlegga.

Fjaler sokneråd (heretter FS) er samd i hovudtrekkja i høyringsdokumentet.

Rådet vel likevel å kommentere einskilde av endringane.

Endringar vedkomande økonomi, kan bli ei utfordring for særleg små råd med dårleg økonomi.

Det er sær viktig at også små fellesråd/sokneråd får kompensert for innteksttap og auka utgifter. Bortfall av festeinntekter og utgifter til utanbygds gravlegging (mottaksfellesrådet), samt utgifter til transport av kiste til krematoriet, vil variere frå år til år, og vil bli vanskeleg å budsjettere.

Siterer frå høyringsbrevet:

*Utvalget har i sin utredning slått fast seks prinsipper for gravferdslovgivningen:*

- 1. Gravlegging er et offentlig ansvar og skal være uten kostnad for de etterlatte.*
- 2. Gravplassene skal være allmenne, dvs. felles for alle.*
- 3. Forvaltningen skal legge til rette for at gravlegging skjer med respekt for personlig livssyn og i tråd med føringene til vedkommende livssynssamfunn.*
- 4. Lovgivningen skal likestille gravferdsformene og ikke stimulere til å velge den ene fremfor den andre.*
- 5. Ett menneske får én grav.*
- 6. Med tiden blir graven slettet og gravminnet tatt bort.*

FS støtter utvalet sine seks prinsipp for gravferdsforvaltninga. Soknerådet meiner likevel at gravferdsforvaltninga lokalt, på stader med lav kremasjonsprosent, bør kunne stimulere til auka kremasjon (pkt. 4). Dette trass i auka utgifter til transport til krematoriet. Denne kostnaden blir likevel mindre enn kostnad med utviding av gravplassar.

*«Utvalget mener at en rekke avgifter på gravferdsområdet i dag skaper ulikhet, og utvalget foreslår regelendringer og andre tiltak som skal gi mer forutsigbare løsninger for brukerne av gravferdstjenestene.»*

### **Utvalgets forslag er:**

- **«Kistegravlegging og kremasjon likestilles økonomisk og juridisk som gravferdsform»**

FS: Juridisk likestilling vil, dersom fleire vel kistegravlegging, gje byane store utfordringar der det er lite ledig areal tilgjengeleg til gravplasser.

Det er på høg tid at heimelen til å krevje kremasjonsavgift vert oppheva, slik at dei to gravferdsformene vert likestilte. Forhåpentlegvis kan det vere med å auke kremasjonsandelen der den er lav.

- **«Kommunene skal være pliktige til å ta i mot utanbygds gravlegging. Brukerbetaling for gravlegging i en annen kommune enn avdødes bostedskommune oppheves»**

Folk kan gravlegges i den kommunen de ønskjer, og pårørende skal ikkje lenger betale for utanbygds gravferd. Gravferdsforvaltningane skal gjere opp seg imellom etter tre ulike satsar fastsett av departementet i forskrift der den eine gjeld utgifter til kremasjon. Utvalet har følgjande framlegg til satsar som skal gjelde heile landet.

Utanbygds kistegravlegging: kr . 13 705, Utanbygds urnegravlegging: kr. 6 190 kr. Kremasjon: kr. 4 800 kr.

Pårørende må framleis betale kostnaden med båretransport fram til den gravplassen der gravlegginga skal skje.

FS støttar at betalingsstansane for utanbygds gravferd er sams for heile landet.

Det er viktig og presisere at når det gjeld båretransport gjeld det – utgiftsdekning berre innanfor Norge.

- **«Endring av avgiften for feste av grav slik at innbyggerne behandles likt»**

FS støtter framlegget om 20 betalingsfrie år for alle – uavhengig av fredingstida på gravplassen.

Vi er samde i at leigeperioden som hovudregel skal vere 5 år, men vi meiner at det skal vere høve til å leige ei grav i 10 år dersom det er ønskje om det, og ein ikkje har plassproblem. Vi er samde i at det framleis bør vere høve til å ta leige for tinging av grav i bolkar på 5 år, og at avgift ikkje vil bli tilbakebetalt om grava vert nytta før dei fem åra har gått, og at frigravperioden gjeld frå når den tinga grava vert teken i bruk.

### **«Endringer i forvaltningsoppgaver «**

Fylkesmannen tek over oppgavene som bispedømmerådene har etter gravferdsloven og gravferdsforskriften.

FS meiner denne endringa er heilt naturleg då gravplassen er for alle! Dette trass i at bispedømet framleis vil vere høyringsinstans der gravplassen ligg i tilknytning til kyrkjebygget. Det er også naturleg at gravplassrådgjevaren blir plassert ved eitt av fylkesmannembeta.

### **«Økonomiske og administrative konsekvenser «**

Pårørende skal ikkje lenger betale for utanbygds gravleggingar. Det skal bli eit oppgjør mellom gravferdsforvaltninga i dei ulike kommunane etter ein bestemt sats.

Gravplassforvaltninga overtek NAV sitt ansvar og må ta kostnaden med transport av kista til krematoriet

FS meiner at dersom gravferdsforvaltninga skal overta ansvar og kostnad med transport av kista til krematoriet, må soknerådet få dekka dei reelle utgiftene. Også små gravferdsforvaltningar må få overført av midlar som vert flytta frå NAV til kommunane.



- **«Forslag som utvalget vurderer til å være på siden av mandatet»**  
*«Utvalget foreslår at de nærmere vilkårene for askespredning skal framgå mer direkte av gravferdsloven, og at behandlingen av søknader om askespredning legges til den lokale gravplassforvaltningen, med Fylkesmannen som klageinstans.»*  
FS støttar framlegget under føresetnad om at det er sentrale føringar som i dag kvar oska kan spreiaast.

*Utvalget foreslår også at det åpnes for askespredning på gravplass, og at det gis adgang til gravlegging i kolumbarium på gravplass.*

FS er skeptisk til eit generelt løyve til askespreiing på gravplass og meiner at det bør setjast vilkår for dette – som til dømes storleik på friareal på gravplassen.

#### Gravleige og gravleigar

FS er samd i at gravleige og gravleigar vert nytta. Gravleige er eit ord som kommuniserer betre enn feste – og gravleigar kommuniserer betre enn festar.

Gravleige *«Ordet leige har ein klang av noko meir mellombels enn ordet feste...»*

#### Kjøleromkapasitet og syningsrom.

I Fjaler kommune er det kjølerom og eit livssynsnøytralt syningsrom ved sjukeheimen med eigen inngang. Dette fungerer utmerka, og i små kommunar bør dette vere «regelen». Dette trass i at det er ein auke i dei som døyr i heimen. Soknerådet støttar utvalets ønskje om å regulere det offentlege ansvaret for kjølerom og syningsrom.

Når det gjeld maksimal festetid så støttar FS utvalet sitt syn på at *«Ei grav og eit gravminne skal vanlegvis ikkje stå lenger enn det finst levande som minnes den avlidne.»*

FS støttar utvalet der dei rår til at departementet utarbeider ein praktisk rettleiar for gravplassforvaltningane. Dette for å få ei mest mogeleg sams forvaltning.

Fellesråda er avhengig av inntekter, så FS er glad for at det framleis vil vere høve til å ta betaling for varer og tenester knytt til forvaltning av gravplassen. (sjå side 83 )

Som tidlegare nemnt er det særskilt viktig at gravferdsforvaltninga får kompensert for inntektstap og auka utgifter.

Beste helsing



Irene Fløde

Kyrkjeverje